

Sterke reaksjonar på fråsegn om skulen

24.12.2012

Uskedalen utvikling har motteke sterke reaksjonar på fråsegna om samanslåing av skulane Bringedalsbygda og Uskedalen. Fråsegna var drøfta på styremøte og sendt innan uttalefristen 20. desember.

Leiaren i styret, Kristian Bringedal, har særleg motteke merknader som går på blanding av roller og misbruk av den posisjonen han har som leiar

Styret ser i ettertid at fråsegner i saker med stor usemje bør drøftast grundig, gjerne med vedtak på medlemsmøte.

Styret vil difor straks over nyttår ta saka opp på nytt og utfrå det eventuelt føreta ei justering av innhaldet i uttalen.

Dersom medlemene i Uskedalen utvikling meiner at laget ikkje skal gje slik uttale, vert fråsegna trekt.